



Jostein Saghaug er den einaste representanten frå Uskedalen i Kommunestyret.

Finteljing og endeleg resultat syner at Uskedalen berre er inne med 1 representant i det nye Kommunestyret. Det er Jostein Saghaug. Etter folketalet burde Uskedalen vore inne med tre faste medlemmer. Uventa er det at Oddbjørn Kroka korkje kom på fast plass eller som varamedlem. Like uventa er det at Kristian Bringedal er 2. varamedlem på Venstre etter Kent Arne Kjørsvik Petterson. Synnøve Handeland er inne for Venstre. Hanne Bakke Berntsen er 2. varamedlem til ei gruppe i Senterpartiet på 8. Ho må rekna med å møta på dei fleste møta.

Vi kjenner ikkje til frammøteprosenten i Uskedalen. Etter forenkling med færre valkrinsar er det ikkje mogeleg å få opp frammøte frå det som var Uskedal Valkrins. Slik vi ser det, har frammøte vore dårleg. Valproblem på Husnes med for få datamskinar for registrering og dermed lang kø og ventetid, kan ha hatt ein avvisningseffekt.

Dette gjeld sjølvsagt berre for dei som røysta på Husnes. I Rosendal gjekk alt knirkefritt.

Det kom ei endring i mandatfordelinga i løpet av dagen. No er Miljøpartiet inne med 2 og AP tapte med det eit mandat, og står no på 7 representantar. Elles er lista slik Uskedalen.no skreiv seint i går kveld.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat